

**Saksframlegg****Val av kommunesamanslåingsalternativ**

Saksnr.	Utval	Møtedato
2016/79	Formannskapet	20.06.2016
2016/69	Kommunestyret	27.06.2016

**Samandrag:**

Stortinget gjorde 18. juni 2014 eit vedtak som inneber at det skal gjennomførast ei kommunereform i Noreg. Siktemålet er at Stortinget skal behandle forslag til ny kommunestruktur og eventuelle nye oppgåver våren 2017.

Sandøy kommune har utgreid to kommunesamanslåingsalternativ i tråd med Stortinget sin bestilling, og vil i denne saka gjere vedtak om ønskja samanslåingsalternativ. Dette vedtaket oversendast fylkesmannen i Møre og Romsdal innan 1.7.2016, og vil danne grunnlag for fylkesmannen sin tilråding.

**Saksopplysningar:****Kommunefakta og prosess i kommunereforma****Grunndata**

Øykommunen Sandøy består av 872 øyar, med busetting på 6 av desse: Harøya/Finnøy (molo mellom) med 1186 innbyggjarar, Ona/Husøy (bru mellom) med 23 innbyggere, Sandøy med 36 innbyggjarar, og Orta med 7 innbyggjarar. Innbyggartal var per 1.1.2016 mot 1320 innbyggjarar i kommunen 1.1.1986. Kommunen ble danna i 1867, utskilt frå Aukra kommune. Kommunegrensane har vore uendra sidan 1965 då Sandøy fekk Myklebust og Uksnøya som fram til då hadde tilhøyrd Haram kommune.

Kommunen er 980 km havland som omkransar 20 kvkm tørrskodd land med ei samla kystline på 245 km. Mot vest finn vi ein skjærgård som vernar mot Norskehavet, men som også gir ureint farvatn som berre sjøvante kan ta seg fram i. Kommunen grensar mot Aukra i nordaust, Midsund i aust og Haram i sør. Sandøy er den nest minste kommunen i Møre og Romsdal etter folketal. Næringslivet i kommunen har vore prega av fiske, kvalfangst, mekanisk industri mot maritim retta næring, og i seinare år turisme og brønnbåtverksemd.

Ferjesambandet rute 32 går nordover frå Finnøya mot Småge/Aukra. Ferjesambandet rute 22 søraustover frå Myklebust til Dryna i Midsund, og sørover til Brattvåg i Haram. Det er hurtigbåt frå Myklebust mot Ålesund. Kommunesenteret med rådhus og offentlege funksjonar, samt private tenestetilbod ligg i Steinshamn på Harøya.

Befolkninga i kommunen er aldrande. Ungdom reiser frå kommunen for å ta vidaregåande og høgare utdanning, og kjem i mindre grad attende for å etablere seg. Mange innvandrarar er kome som arbeidsinnvandrarar eller familiegjenforeinte gjennom giftemål. Det har vore opp i 37 ulike nasjonalitetar representert i skulen på same tid.

Kommunen har ein aukande del fritidsbustader på alle dei no og tidlegare bebudde øyane i kommunen. Dette gjeld og dei små øysamfunna Ona, Orten og Sandøya samt fråflytta øysamfunn som t.d Gåsøya og Lyngværet. Dette skjer som følgje av fråflytting av heilårsbusette og ved nybygg. Dette gjev auka behov for kapasitet innan t.d legevakt og brannberedskap, utan at dette kompensert for gjennom inntektssystemet. Det er eit press på helse- og omsorgstenester, og vanskeleg å rekruttere til fagstillingar innan undervisning, helse- og omsorg og anna spesialkompetanse i kommunen.

Kommunen har innført eigendomsskatt på hus og fritidsbustader frå 2016, og har gjort vedtak om å busette flyktningar med 15 i året frå 2016.

## **Prosess**

- Vedtak i kommunestyresak 14/ 38 den 11.09.2014 varsla oppstart, grunngeving gitt av staten for arbeidet og lokal organisering av arbeidet. Vedtaket la til rette for nabopratt med alle omringliggande kommunar, og roller i vidare arbeid. Kommunestyret behandla i KS-sak 14/54 i møte 11.12.2014 meir konkrete forventningar til lokal prosess med plan for deltaking- og medverknad frå innbyggjarar, mandat, organisering av politisk vald styringsgruppe og prosjektgruppe inkl prosjektleiar samt milepælsplan. Denne planen har vore grunnlaget for lokalt arbeid fram til ny plan ble vedtatt av nytt kommunestyret etter kommunevalet hausten 2015 (KS-sak 15/ 30). Totalt har kommunestyret behandla 14 politiske saker som omhandlar prosess kommunereform, kunnskapsgrunnlag eller status samt 1 referatsak (invitasjon til å delta i reformprosessen «Regionkommune» frå Haram og Ålesund kommune).
- Det har vore til stor styrke for lokalt arbeid at Sunnmøre regionråd har koordinert og bistått kommunane i arbeidet med dei ulike alternativa. Dei har arrangert studieturar, tilrettelagt for innhenting av relevant kunnskapsgrunnlag på vegne av kommunane i regionen samla og som rådgjevar i forhold til lokale prosessar. Det har på desse samlingsplassane vore ført mange uformelle naboprattar som og har gjeve retning for arbeidet undervegs.
- Prosessane i kommunereformarbeidet har vore i tråd med dei politisk vedtekne planane og mandat gjeve. I arbeidet med å innhente kunnskap, invitere innbyggjarane til deltaking og medverknad, samt for å gje informasjon er det arrangert 5 folkemøter med ulikt innhald. Dei 2 siste er streamet live for å syte for at alle har høve til å få relevant informasjon, og kunne vere kjend med det som ligg føre av kunnskapsgrunnlag.
- Ungdommens kommunestyre har vore aktivt med, og har hatt både informasjonsmøte ved skulen og delteke i kommunestyret, på folkemøter og på styringsgruppemøte «Regionkommune Ålesund» for å gjere ungdomane kjend med arbeidet, og vidarebringe ungdomen sine forventningar i arbeidet.
- Kommunen sin heimeside er brukt aktivt til å leggje ut all informasjon om reformen etterkvart som vi har fått dette til kommunen.
- Avslutningsvis er det sendt ut ein innbyggjerbrosjyre til alle husstader, som

informerer om dei to kommunereformalternativa «Regionkommune Ålesund» og «Haram+Sandøy kommune».

- Det er gjennomført ein innbyggjerhøyring i form av spørreundersøking per telefon, der alle innbyggjarar fast busette i kommunene født i år 2000 eller tidlegare, er kontakta av Opinion AS. Formålet har vore å høyre folket i dei 2 alternativane som er utgreia i prosessen, og kartlegge korleis folket stiller seg til ei eventuell deling av kommunen som følgje av eit evt innbyggjarinitiaiv frå samfunna Ona, Orten og Sandøya.
- Både hausten 2014 og 2015 ble 100 innbyggjarar i Sandøy kommune spurt om motivasjonen for kommunereform i eit samarbeid med alle dei andre kommunane på Sunnmøre. Desse undersøkingane er del av kunnskapsgrunnlag for val gjort av prosjektgruppa undervegs i prosessen i arbeidet med dei ulike alternativane.
- Styringsgruppe for lokalt arbeid har vore kommunestyret. Fram til hausten 2015 fungerte formannskapet med 2 tillitsvaldrepresentantar og rådmannen som prosjektgruppe. Frå hausten 2015 til vår 2016 er prosjektgruppa politisk vald forhandlingsutval bestående av ordførar, varaordførar, 2 representantar frå opposisjonen i kommunestyret og rådmannen. Slik er alle parti i kommunestyret representert i forhandlingsutvalet for å sikre god informasjon, medverknad og forankring i arbeidet.
- Prosjektleiari og kommunen sin kontaktperson i reformarbeidet ovanfor fylkesmannen har i begge periodar vore ordførar. Rådmannen har bistått ordførar med utarbeiding av saker, bestilling av kunnskapsgrunnlag og organisering av folkemøter og informasjonsmateriell mm.
- Det har vore eit intenst arbeid, med mykje møteverksemd for alle som har vore involvert i forhandlingsutvalet og prosjektgruppa. Gjennom det arbeidet som er gjort med folkemøter, innbyggjarundersøkingar og det kunnskapsgrunnlag ein har hatt tilgang til eller skapt sjølv, opplevast det likevel som ein har hatt tilstrekkeleg prosessid og har utreia det som for Sandøy kommune har vore opplevd som det viktige i forhold til å gjere eit vedtak om ny kommunestruktur.
- Arbeidet med kommunereform har gjeve press på administrativ og politisk kapasitet, og krevd omprioritering av tid og midlar til dette arbeidet. Dei kr 200 000 vi har fått i tilskot i 2015 og 2016 til arbeidet frå fylkesmannen har vore naudsynt for å dekkje kostnadene. I 2016 krev dette arbeidet mykje meir enn kva dette tilskotet dekkjer, då berre rapporten om deling av kommunen kostar nærare kr 200 000. Det vil bli søkt fylkesmannen om å få dekkja denne utgifta særskilt.

### **Resultat av prosess**

- Kommunestyret gjorde i KS-sak 15/9 vedtak om å ta del i utredningsarbeidet og prosessen som ligg til grunn for intensjonsavtalen «Regionkommune Ålesund».
- Kommunestyret ønskja å vere positiv til også andre utredningsarbeid, og etterkvart ble Sandøy deltakande i «Landkommune-alternativet», og «Haram+Sandøy».
- I KS-sak 15/ 30 gikk Sandøy ut av alternativet «Landkommune».
- Arbeidet med alternativet «Haram+Sandøy» førte fram til intensjonsavtalen for nye Haram kommune våren 2016.
- Undervegs har folket i øysamfunna Ona, Orten og Sandøya gjennom ulike

innbyggjarinitiativ teke til ordet for at og alternativ mot Romsdal, evt deling av kommunen, skal utgreiast nærare. Kommunestyret har behandla dette undervegs ved ulike høve, og ikkje gjort slikt vedtak. Ordførarane i begge periodene har vore i formell og uformell kontak med Aukra kommune, utan at ein invitasjon eller initiativ frå Romsdal/ Aukra har kome. Gjennom media er vi kjend med at Aukra kommune identifisert med ordførar har sagt at desse øysamfunna er velkomen som del av Aukra.

- Inndelingslova opnar for at folket i ein del av kommunen kan krevje deling om dei utgjør mindre enn 10 % av innbyggjartalet. Dette ligg til grunn for at kommunestyret likevel har vald å utgreie eit kunnskapsgrunnlag om ei deling av kommunen. Dette kunnskapsgrunnlaget ligg til grunn for denne sak, og dei råd rådmannen gjev.
- Kommunen har gjennomført 5 ulike folkemøter undervegs i arbeidet. Deltakinga på desse har vore god, med mellom 70-120 personar i salen. Dei to siste folkemøta er live streama over nett, og hadde ca 50 nedlastingar i sanntid, og er pt lasta ned ca 300 gongar. Metodikk på 4 av 5 møter har vore «Open space», med fagleg innleiing, og etterpå gruppevis arbeid med utvalde problemstillingar for kvart møte.
- Resultata frå møta er sidan lagt til grunn i utgreiingsarbeidet med dei to alternativa, i utforming av intensjonsavtalar og vil bli brukt i faktisk bygging av ny kommune. I siste folkemøte var det fagleg innleiing med informasjon om dei to intensjonsavtalene, foredrag om Sandøy kommune sine lokale og regionale utfordringar sett av fylkesplansjef og sidan open mikrofon for spørsmål til lokalt forhandlingsutval.
- Det er halde informasjons- og medverknadsmøte for alle tilsette i kommunen, og tillitsvalde har vore informert undervegs i ordinære medverknadsmøter med arbeidsgevar.

### **Innbyggjarhøyring april/ mai 2016:**

- Innbyggjarhøyringa ble gjennomført i april/mai 2016 ved spørreundersøking per telefon til alle fast busette innbyggjarar født i år 2000 eller tidlegare. Opinion AS gjennomførte undersøkinga på oppdrag frå forhandlingsutvalet i Sandøy. Spørsmåla var utforma av forhandlingsutvalet og gjort kjend for folket i forkant av sjølve undersøkinga.
- Rapport frå Opinion AS er datert 18.5.16. Ut i frå valt utval, alle født i år 2000 eller tidlegare var det 1021 personar registrert i mantalet. Av desse ble alle registrert med telefonnummer oppringt, totalt 891. Av desse valte 41 % å delta i undersøkinga, dvs 357 respondentar. 10 % i alderen 15-29 år, 10 % i alderen 30-39 år, 20 % 40-49 år, 15 % frå 50-59 år og 45% over 60 år. Det var 51 % kvinner og 49 % menn som deltok.
- Av respondentane var det 69 % som kjente i stor grad eller verken eller til intensjonsavtalen med regionkommune Ålesund. Tilsvarande for intensjonsavtalen med Haram+Sandøy var det 71 % som kjende til denne i stor grad eller verken eller. Det verker til at det er stabilt mellom dei som i liten grad kjenner til begge avtalene, 29 og 28 %.
- På spørsmål om kva samanslåingsalternativ folket meinte var best for Sandøy var 39 % positiv til samanslåing med Regionkommune slik avtalen er med 10 kommunar. 13 % stiller seg nøytrale, 5 % vet ikkje og 43 % er negative.

- Om færre kommunar blir med i Regionkommunealternativet er framleis 39 % positive, andelen som er nøytrale går ned til 10 %, andelen som veit ikkje aukar til 18%, mens dei negative reduserast til 33 %. Ut i frå alder kan ein sjå at det er særleg dei under 40 år er mest positive til dette alternativet, dei i mellom 40-60 år mest negative og dei over 60 år mest usikre.
- Om det vert ein redusert Regionkommune er det mest viktig for folket i Sandøy at kommunane Haram (70%), Ålesund (26%), Skodje (15 %), Giske (15 %) og Ørskog (10 %) vert med. Dei resterande kommunane ligg under 10 %.
- I alternativet Haram+Sandøy er 47 % positive, 35 % negative og 15 % nøytrale. Gruppa som veit ikkje er 3 %. Andelen som er negativ er relativ lik i alle aldersgrupper, og dei under 39 år er utvare som er mest positive til dette alternativet. 2 av 3 som er for kun Haram+Sandøy, meiner Sandøy kommune skal fortsette åleine om det ikkje vert noko av Nordøyvegen. 26 % av dei som er for kun Haram+Sandøy meiner at ein skal gå vidare med Regionkommunealternativet om det ikkje vert Nordøyveg.
- På spørsmål om korleis innbyggjarane stilte seg til ei eventuell deling av kommunen svarte 75 % at dei var negative, 19 % positiv, 4 % nøytral og 1 % veit ikkje. Alle aldersgrupper var klart negative til deling.
- 1 av 3 av dei spurte trur dei i stor grad vil bli berørt av kommunesamanslåinga privat, 1 av 3 trur dei i liten grad vert berørt og 1 av 3 trur dei verken i stor eller liten grad vert berørt privat. Kvinner i alderen 40 til 59 år er dei ssom trur dei i størst grad vert berørt, mens menn i denne aldersgruppe trur tilsvarande at dei i minst grad vert berørt.
- I folkeavstemmingar og innbyggjarundersøkingar på Sunnmøre 20.mai ble folket i alle kommunane som har danna intensjonsavtalen Regionkommune Ålesund høyrde.
- Ut i frå svara her verkar det til at Regionkommunealternativet med 10 kommunar er urealistisk å skape no.
- I etterkant arbeider kommunane Ålesund, Ørskog og Skodje saman om ein ny avtale.
- Folket i Haram sa i folkeavrøystinga at dei ville samanslåast med Sandøy, om Nordøyvegen vert realisert. Om ikkje Nordøyvegen vert realisert har ordførar i Haram uttalt i Sunnmørsposten at då kan Sandøy kommune heller slå seg saman med Ålesund då ei samanslåing ikkje er aktuell utan fastlandssamband.
- Rådmannen si innstilling er ei balansering av faglege vurderingar mot dei statlege føringane for kommunereforma, det faktiske innhald i dei ulike intensjonsavtalar og dei signal som er kome i etterkant av folkehøyringane.
- Innbyggjarhøyringa viser innbyggjarane sitt syn, ut i frå deira kunnskap og følelsar i saka. Dette vil danne viktige referanserammer for den politiske prosessen.

### **Vurdering av kommunen si rolle som tenesteutøvar**

- Sandøy kommune er i dag for liten til å tilby alle tenester i det omfang og med den kompetanse som er kravd etter lov og forskrift. Løysinga har over lang tid vore å søkje dispensasjon frå regelverk, eller inngå avtaler med andre kommuner i form av tenestekjøp eller etablere formaliserte interkommuale samarbeid. Dette er ikkje optimalt verken med omsyn til bruk av økonomiske ressurser eller kvalitetsstyring av tenester

ovanfor brukarane.

- Om digitaliseringsstrategien for det offentlege Noreg skal kunne lukkast («det digitale førsteval»), må kommunane vere lik eller større enn noverande eKommune Sunnmøre for å sikre tilstrekkeleg fagligheit, robust drifts- og utviklingsmiljø. Dette for å sikre investerings- og driftskostnadene til etablering, drift, utvikling og avvikling i tilstrekkeleg tempo og med betryggjande kontroll som den digitale samfunns- og tenesteutviklinga krev.
- Ein ny kommune må vere såpass stor at den kan utnytte potensielle stordriftsfordelar i ulike delar av tenesteproduksjonen. Den bør ha ein «kritisk masse» stor nok til å utvikle, bygge opp og rekruttere til kompetente og stabile fagmiljø med omsyn til dei framtidige behov og krav som kommunane vil møte. Dette handlar om å etablere ein robust *kommuneorganisasjon* for framtida.
- Regionkommunealternativet vurderast som det alternativet som i størst grad vil ha kapasitet økonomisk og i form av personell til å klare dette. Ut i frå avtalen om desentralisert tenestestruktur er det og dette alternativet som i størst grad gjev tryggleik for lokal tilstadeværing av flest funksjonar i lokalsamfunnet Sandøy.
- Alternativet med Haram vil gje størst sentralisering av funksjonar til Brattvåg, og ein økonomi og tilgang på personell tilsvarande det Haram har i dag og slik behov for supplerande tenestesamarbeid med andre kommunar/ interkommunale selskap.
- Ein ny kommune må etablere grunnlag for eit robust *kommunesamfunn* som kan konkurrere og hevde seg i forhold til andre regionar. Det er liten grunn til å tru at konkurransen om befolkning, arbeidskraft, kompetanse, kapital og næringsliv blir mindre i framtida. Denne konkurransen vil ein møte, både innan vårt eige fylke, frå andre delar av landet, og frå andre delar av verda. Det handlar ikkje om «bygd mot bygd, by mot bygd, kommune mot kommune», men det handlar om å legge til rette for å bevare og utvikle vår region, våre ressursar i vår del av landet og i vår del av verda. Regionkommunealternativet vil ha økonomiske ressursar, kompetent personell og kapasitet til i større grad å vere ein maktfaktor for lokal og regional utvikling enn Haram+Sandøy.
- For Sandøy kommune er signala frå Haram kommune vanskelege. Det er ikkje samanfall i tid rundt realisering av Nordøyvegen og vedtak i kommunereforma. Haram sine klare signal om at dei ikkje vil samanslå seg med Sandøy utan fastlandssambandet gjev utryggleik for om dei ser verdiane i Sandøy kommune isolert sett, og utviklinga av nordøyane samla sett. For Sandøy kommune er det no ein kan sikre sine interessar, og å bli del av ein regionkommune Ålesund vil påreknleg gje meir kraft og interesse for lokalsamfunnsutvikling i eit regionalt perspektiv enn åleine med Haram. For at Nordøyvegen og på sikt Hamnsundsambandet skal verte realiserte til glede for folk og næringsliv vurderast regionkommune Ålesund som ein sterkare aktør enn Haram kommune åleine.
- Sandøy kommune er del av i overkant av 40 interkommunale selskap og faste tenestesamarbeid. Dette er krevjande å følgje opp med omsyn til demokratisk styring og tilstrekkeleg kontroll. Utgiftsvekst i desse samarbeida går på bekostning av oppgåvene som ligg igjen i eigen organisasjon. Krav til kompetanse og kapasitet gjer at vi stadig har behov for å gå inn i nye samarbeid. Mengda har passert det som opplevast forsvarleg frå rådmannen sin side med omsyn til effektiv kontroll og styring av tenester, økonomi og personell.
- Våre samarbeid er mot kommunane på Sunnmøre, og spesielt Ålesund. Tenestesamarbeid mot Romsdalen er nesten ikkje eksisterande utover legevaktsamarbeidet som har bestått i ca 40 år og pt er regulert gjennom 4 ulike avtaler med ulike aktørar for dei ulike delane, og turist-/næringsssamarbeid Øyriket.
- Interkommunale løysingar kan i mange samanhenger vere ein fornuftig måte å produsere ulike tenester på, men har i seinare åra fått kritikk for å vere prega av eit visst demokratisk underskot eller å vere (delvis) utanfor demokratisk kontroll. Det er ofte relativt ressurskrevjande og komplekst å etablere interkommunale ordningar. Som del av kommunereformprosessen og danning av nye kommunar vil ein måtte gå gjennom alle slike samarbeid, avvikle eller organisere dei på nytt. I samband med nytt EØS-regelverk vil ikkje IKS kunne drive med næringsverksemd, og dei selskapa som i

- dag har slik verksemd må omorganiseras også som følgje av dette.
- Rådmannen vurderer alternativet «Regionkommune Ålesund» til best å ivareta høva til å støtte krava frå statleg mynde som tenesteutøvar. Denne kommunen vil vere så stor at den kan spesialisere seg og danne attraktive fagmiljø, som gjennom ambulerande verksemd har tilstrekkeleg representasjon i dei ulike delane av kommunen til å betene folket der effektivt. Ein del fagfolk som i dag trivast med å ha ein stor variasjon i oppgåver og ansvar kan oppleve at arbeidet vert meir spesialisert, kompetansekravjande og regelstyrt for å sikre likebehandling, og slik mindre attraktivt.
  - Ein kommune av ein slik storleik vil ha kapasitet til å leggje til rette for innovasjon og utvikling som gjev nye og attraktive arbeidsplassar, og betre utnytting av dei mange høgt kvalifiserte som td. masterutdanna og sivilingeniørar mm i kommunane i dag. I dette ligg og ressursar til å drive digitaliseringsarbeid innanfor tenestene som både effektiviserer drifta, men og tek i vare dei demokratiske verdiane for innbyggjarane.
  - Haram og Sandøy alternativet vil vere å bli del av ein kommuneorganisasjon som har noko meir fagmiljø, men vil krevje sentralisering av stab-/ støtte- og leiingsfunksjonar til Haram. Også denne kommunen har omfattande digitaliseringsambisjonar. Denne kommunen har ambisjonar om å særleg utvikle tenestesamarbeidet på øyane, der det er formålsteineleg. Denne kommunen vil i hovudsak ta utgangspunkt i noverande struktur for lokalisering av kvardagstenester. Digitale tenester skal utviklast og vere førsteval på alle eigna område. Endring i tenestestrukturar vil måtte vurderast ut frå økonomiske og kvalitetsmessige omsyn, og som følgje av at Nordøyvegen vert bygd. For Sandøy kommune sin del vil basistjenester bli gjevne som i dag lokalt. Resten vil ein i stor grad måtte rekne med å gjere seg bruk av i Haram, om ein skal kunne ta ut gevinst av større fagmiljø og mindre sårbarheit i drift.
  - Nye Haram kommune er ikkje eit alternativ utan realisering av Nordøyvegen. Om Nordøyvegen vert bygd, vil det vere nokon år mellom at den nye kommunen skal vere etablert i 2020 og vegen er ferdigstilt. Det må nærare avklarast korleis ein tenkjer organisering av tenester i denne mellomperioden der ein vil vere avhengig av ferje. Dette samstundes som digitaliseringa av offentlege tenester skjer med stor fart.
  - Den nye Haram kommune vil vere avhengig av dei same interkommunale samarbeida som i dag. For Sandøy sin del betyr dette at vi truleg kan gå ut av tenestekjøpsavtalen med Ålesund på økonomi, og få noko større miljø på tenester som barnevern, rus- og sosialt arbeid, helsetenester, helsestasjonsverksemd, byggesak, matrikkel mm. Det er ingen stor endring, då også Haram i dag er for liten til mellom anna å ha fagmiljø på personal/ HR og andre særleg kompetansekravjande stabsfunksjonar.
  - Tap av rådmannskompetanse i lokalsamfunnet i form av oppgåver i dag gjort av rådmannen sjølv, stabsfunksjonar innan økonomi, personal, samfunnsplanlegging, ikt/ digitalisering samt på einingsleiarnivå innan tenestene vil kunne gje mindre trykk på samfunnsutviklings- og tenesteutviklingsoppgåvene om ein ikkje passer særskild på dette i framtidig organisering, i begge kommunereformalternativa.
  - Regionkommunealternativet har størst kapasitet økonomisk og med tilgang på fagkompetanse til å kompensere for dette, men vil og i størst grad ha press på oppgåvene i «pressområda».
  - Skal alle delar av ny kommune få til den ønskja utviklinga «å ta heile kommunen i bruk», må det gjerast eit godt politisk arbeid med den nye kommuneplanen sin samfunns- og arealdel i den nye kommunen, samt gjennom godt forankra politisk strategisk utviklingsarbeid over tid.
  - Om ein tenkjer at «administrativ toppleiing» gjev eit stort innsparingspotensiale som kan takast ut ved å kutte stillingar, utan å sikre tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse for å ta i vare oppgåvene som har vore løyst her innan samfunnsutvikling, tenesteutvikling og innovasjonsarbeid vil den nye kommunen miste utviklingskraft.

### **Vurdering av kommunen si rolle for å ivareta rettstryggleiken til innbyggjarane**

- Sandøy kommune har åleine i liten grad tilstrekkelege fagmiljø til å løyse oppgåvene venta av ein kommune etter lov- og forskrift og i tråd med generalistprinsippet.
- Sandøy kommune er avhengig å rekruttere fagleg sterke, sjølvstendige og fleksible fagpersonar. Ein slik strategi gjev likevel sårbarheit i tenestene ved sjukdom eller anna fråvær.
- Dette påverker rettstryggleiken for brukarar med stor avhengigheit til slike tenester, og gjev reduserte høve for effektiv utnytting av stillingskapasitet og kompetanse. I eit samfunn med knapphet på relevant fagkompetanse er dette ikkje samfunnsøkonomisk berekraftig.
- For små fagmiljø/ berre ein eller få fagpersonar gjev redusert rettstryggleik for innbyggjarane gjennom t.d reduserte valmulegheiter for innbyggjarane ved konflikt med fagperson og vanskar med forsvarleg drift ved skifte av personell.
- Det gjev utfordrande arbeidsmiljø med stort arbeidspress på dei tilsette som følgje av krav om å halde seg fagleg oppdatert på mange ulike fagfelt/ arbeidsoppgåver.
- Det er utfordrande med omsyn til habilitets- og kontroll då same person kan vere både vedtaksmynde og den som skal utføre oppgåvene.
- Det er lite mulegheit for rullering av personell og oppgåver om det er behov for dette av ymse grunnar relatert til den tilsette sjølv eller kompetanse/ eignaheit til oppgåvene over tid.
- Det er habilitetsutfordringar i eit lite lokalsamfunn. Dei fleste tilsette har sin familie og vennar nært på, og må forhalde seg aktivt til mange ulike rollar i form av tilsettingsforhold i kommunen kombinert med t.d næringsinteresser, politiske eller frivillige verv eller nære familie- eller vennerelasjonar som kan verke inn på habiliteten til å danne grunnlag i ei sak, eller vere med å gjere vedtak.
- Dette gjer noko med omdømmet til kommunen, dei kommunale tenester og arbeidsmiljøet for den einskilde tilsette og den som skal føre kontroll med vedtak og ressursbruk. Dette kan og verke inn på rettstryggleiken for den einskilde innbyggjar.
- I swot-analysane til alle kommunane er habilitet tatt fram som ei utfordring, også i bykommunen Ålesund. Det å sikre tilstrekkeleg distanse gjennom organisering av tenester, internkontroll, kompetansebygging rundt lovverk og tilstrekkeleg storleik på fagmiljø vurderast som dei verkemidlar som best legg til rette for rettstryggleik for alle. Også i dette vurderast avtalen med regionkommunen til best å ta dette i vare.
- Ålesund kommune har allereie i dag egne kommuneadvokatar, eigen profesjonell innkjøpsavdeling og meir spesialiserte fagpersonar på samfunnsplanlegging, by- og tettstadutvikling mm. Desse fagmiljø vil ein ikkje kunne pårekne å kunne bygge opp i Haram+Sandøy, då det ikkje vil vere tilstrekkeleg med oppgåver til å kunne rekruttere til attraktive fagmiljø og kunne konkurrere om lønsvilkår. I kommunane vert vi oftare møtt av dei profesjonelle brukarar, leverandørar eller tilsette som er representert med spesialisert fullmektige. Skal kommunane klare å vere ein profesjonell part i desse møtane krev dette at vi er tilsvarande fagspesialiserte. Denne utviklinga vil pårekneleg auke i åra som kjem, og sette kommunane tilsvarande under press.

### **Vurdering av kommunen si rolle som samfunnsutviklar**

- Kommunane på Sunnmøre, og særskilt kommunane på Nordre Sunnmøre er allereie i dag svært samanvevd, og er i ei form for skjebnefellesskap. Ålesund er avhengig av sitt omland og omlandet er avhengig av Ålesund.
- Innbyggjarane beveger seg mykje over kommunegrensene i forbindelse med skolegang, arbeid, handel, fritid mv.
- I Sandøy pendlar mange, både til og frå eit stort omland og globalt. Den største utpendlingskommuna er Ålesund.
- Også næringslivet er samanvevd. Dei har t.d avdelingar i fleire kommunar og samarbeider med, eller har nære forretningsmessige relasjonar med verksemder i nabokommunane. Dei kan også ha betydeleg del av sitt kundegrnlag i andre kommunar.



- Ein ny kommune må sikre ei samfunnsmessig rasjonell, heilskapleg og berekraftig utvikling i areal- transport- og bustadplanlegging.
- Regionen er allereie prega av fleire global-integrerte konsern. Skal slike verksemdar framleis bli verande og utvikle seg i regionen, er «vertskapsattraktiviteten» som kommunane må legge til rette for, svært viktig. Ein ny og større kommune kan vere eit betre verktøy for å legge grunnlag for ein felles og meir effektiv politikk i så måte.
- Skal vi klare å hevde oss i den globalisering som skjer, må ein bygge på livskraftige bysentrum som er gjensidig avhengig av dynamiske omland rundt seg. Vekst og framgang i Sandøy er avhengig av at byregionane Molde og Ålesund fungerer og veks, og er attraktive for næringsliv, nyutdanna og etablerarar.
- For vårt næringsliv med bransjetilknytning til dei maritime og offshorerelaterte klynger (cluster) i begge byregionane er dette svært viktig. Vi må sørge for at vi gjennom samarbeid og samferdsel er nærast muleg knytt opp og påkopla den utvikling som skjer i desse byregionane.
- Vidareutvikling og nærleik til luftfartstilbodet på Vigra er svært viktig for et internasjonalt orientert næringsliv, og ein region som opprettheld folketallet gjennom innvandring frå utlandet.
- Ein strategi for å utvikle robuste samfunn har i dei seinare åra vore fokusert rundt samanhengande arbeids- marknads-, bu- og serviceregionar (ABS-regionar). I denne samanheng har 45 minutts reisetid (med bil) til arbeidsplassar og servicetilbod vore sett på som akseptabelt. Realiserast Nordøyvegen, og på sikt Hamnsundsambandet, er regionen open mot Ålesund innanfor ein time reisetid kvar veg.
- Regionkommune Ålesund avtalen vurderast til i størst grad å kunne ivareta Sandøy kommune og innbyggjarane her sine framtidige interesser for samfunnsutvikling. Gjennom kommunedelutval er ein i denne avtalen sikra ei organisering som gjev makt og mynde lokalt til lokale forhold, og kapasitet sentralt i den nye kommunen til å løfte dei regionale problemstillingar på ein slik måte at regionen sin konkurransekraft nasjonalt styrkast.
- Haram og Sandøy vil i liten grad ha meir kapasitet og kompetanse enn det Haram kommune åleine har i dag til å drive samfunnsutvikling og innovasjon.
- Demografisk utvikling i begge kommunane når det gjeld folketalsutvikling med ei aldrende befolkning, ungdom som flytter ut og i liten grad kjem attende samt lik næringsstruktur gjer oss sårbare på dei same faktorane og i liten grad supplerande for slik å utlikne effekten av framtidens utfordringar.

**vurdering av kommunen sin rolle som forvaltar og utviklar av lokaldemokrati**  
 Sandøy kommune har i dag eit formannskap på 5 representantar, og eit kommunestyre på 19 representantar. Tilbakemeldingane lokalt er at det er vanskeleg å få folk til å stille som politikarar på listene, og talet på parti med lokalorganisasjon og representasjon i kommunestyret har gått tilbake og er no 4.

Del av kommunestyret som er kvinner har gått noko opp og er innanfor 40 % regelen i kommunestyreperioden. Det er få representantar under 40 og over 70 år.

Det er faste utval som skattetakstnemnd, tiltaksnemnd, administrasjonsutval, og ad hoc utval oppretta for særskilde saker. I tillegg har ein faste rådgjevande organ for Kommunestyret som Eldreråd, Rådet for likestilling av funksjonshemma og Ungdommens kommunestyre. Dei politiske organa er med å danner ulike lokalpolitisk

verkstader som gjev opplæring og øving i lokaldemokratiarbeid for å fremme godt ankra og opplyst samfunnsutvikling. I ein større kommune er ein bekymra for at desse arenaene skal falle bort eller forvitre.

I intensjonsavtalen med Haram er det lagt til grunn at den nye kommunen skal ha like mange representantar og organisering i utval som Haram kommune har i dag. I regionkommune Ålesund alternativet er det lagt til grunn at den nye kommunen skal ha 77 representantar i kommunestyret, samt kommunedelutval tilsvarande dagens kommunar med delegert makt på saker av lokal interesse. I Ålesund alternativet er det ambisjonar om at den nye kommunen skal utgreie konkrete løysingar for e-demokrati. Tilsvarande er ikkje sagt for Haram-alternativet innan demokrati, men også denne kommunen skal satse på digitalisering.

Innbyggjarane sin motivasjon og deltaking i politisk arbeid er i endring. Færre ønskjer å bruke så mykje tid på frivillig arbeid, eller føler seg kompetent nok i møte med ei forvaltning som gjennom lovgjevnad og rekruttering vert meir og meir spesialisert. Innbyggjarane forventar å få delta og medverke meir direkte på det som gjelder dei sjølve eller eiga lokalsamfunn mellom vala. I innbyggjerundersøkinga i Ålesund kom det fram ei sterk forventning om digitalisering også på demokratiområdet, slik at innbyggjarane lettare kan halde seg informert og deltakande i teneste- og samfunnsutvikling mellom vala. Dette vil vere utfordrande å møte, både med tanke på kapasitet/ ressursar og kompetanse. Innbyggjarane i alle kommunar har truleg same forventning, og denne utviklinga vil vere for stor for Haram+Sandøy åleine å løfte.

Politikarrolla er i endring som følgje av dette, og forventninga må leggje til rette for dette. Dette krevjer kapasitet og kompetanse for å sikre at utviklinga er slik ein ønskjer og understøtter den valte demokratiske organisering som er i Noreg. Regionkommune Ålesund alternativet vurderast til i best grad å ha kapasitet til å møte dei nye krava, og kunne gjere naudsynt innovasjons- og utviklingsarbeidet som må gjennomførast for å aktivt møte desse utfordringane.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen som følgje av denne saka.

#### **Vurdering og konklusjon:**

Sandøy kommune med sine 1300 innbyggjarar er befolkningsmessig for liten, og har ein *kommuneorganisasjon* som er for liten til å kunne eksistere vidare i si noverande form når generalistprinsippet er styrande for kva ein kommune skal vere.

Sandøy kommune er for liten til å bestå som eigen kommune, gitt dei føringar for oppgåver, ansvar og økonomi i kommunane som no er kjent. Vår geografiske plassering midt i skipsleia i nordvest - som er sentral for vårt næringsliv, gjer oss i kommune-strukturdebatten til periferi. Vi må ha eit perspektiv utover vår eiga og ikkje minst ha eit perspektiv utover nosituasjonen. Samla regional attraktivitet med tanke på busetting og næringsliv er heilt sentralt.

Haram er vår næraste nabo. Haram sine Nordøyer og fellesprosjektet Nordøyvegen gjer at vi har felles interesser og samarbeidsmulegheiter. Usikkerheit om og når Nordøyvegen vert realisert gjev særskilde utfordringar ved val av kommunesamanslåingsalternativ. Haram vil ikkje slå seg saman med Sandøy om ikkje vegen kjem. Rådmannen meiner at i val av

kommunesamanslåingsalternativ må Sandøy sikre sine interesser, tilsvarande som Haram gjer med dette ultimatum. Dette betyr å treffe eit val no basert på dei fakta som er tilgjengelege og saklege i denne sak.

Rådmannen meiner Haram og Sandøy saman blir for små ut i frå bestillinga kva ein kommune skal vere, slik grunngeve tidlegare i denne saka. I sist sak om kommunereform til kommunestyre lå det ved notat utarbeidd av rådmannen i Haram, der Sandøy kommune ble sett frå Haram. Konklusjonen frå Haram var at ei samanslåing med Sandøy ville forsterke begge kommunane på område som ein har felles utfordringar på, slik som t.d ei aldrande befolkning og einsidig næringsliv og i liten grad styrke kommunane kvar for seg eller samla. Frå Haram så ein at ei samanslåing kunne gje større fagmiljø for Sandøy, men ingen slike styrker for Haram.

Rådmannen i Haram konkluderte og med at det store talet på interkommunale tenester og selskap vi begge er avhengige av vil måtte bestå vidare. Ut i frå dette, men mest av alt med grunnlag i det utfordringsbilete som er gjeve for påreknleg samfunnsutvikling i Noreg kommande 30 år finn rådmannen i Sandøy ikkje å tilrå ei samslåing med Haram. Dette alternativet vil i størst grad verke sentraliserande for flest funksjonar, gje minst høve for aktiv lokaldemokratisk utvikling og så lenge det er knytt til ei føresetnad om realisering av Nordøyvegen gje tap av kontroll over eigen utvikling. Eit vedtak om samanslåing med Haram no, vil ekskludere Sandøy frå forhandlingsbordet med Ålesund og andre no og gje påreknleg dårlegare vilkår om ein kjem til seinare.

Forhandlingsmakta til Sandøy er større om vi på sjølvstendig grunnlag forhandlar om fordelinga av velferda i ein ny, større kommune. Ein strategi med å gå saman med Haram no, og seinare bli forhandla inn i ein endå større kommune som del av Haram, vil truleg gi mindre innflytelse over framtidsutviklinga for noverande kommune.

Det er slik rådmannen ser det stor forskjell på mulegheiter for lokal utvikling som følgje av dei to kommunereformalternativa. For basistenestene vurderer rådmannen begge avtaler som tilstrekkeleg gode, men regionkommunealternativet gjev størst optimisme for lokal representasjon i lokalsamfunnet av naudsynt fagkompetanse og digital forvaltning.

For at ei styrking av lokaldemokratiet skal kunne finne stad må det arbeidast bevist vidare med konkretisering og rutiner for korleis faktisk gjere dette i begge alternativa. Ut i frå kva som er avtalt, vurderer rådmannen avtalen med regionkommune til best å ivareta lokaldemokratiet i Sandøy.

Den store skilnaden på intensjonsavtalene trer fram nær ein skal vurdere samfunnsutviklingspotensialet. Sandøy si positive utvikling heng saman med ei sterk og positiv utvikling i byområda Ålesund og Molde, og då i større og større grad med Ålesund. For at vi skal vere del av denne utviklinga og sikre at dei grep byen og dei nærste byområda gjer og gangnar lokalsamfunna våre, må vi vere ein formel part av dette, og dette legg intensjonsavtalen tydeleg opp til. Gjennom kommunedelutvala sikrar ein lokal styring av det som er nærmast og viktigast, men gjennom det nye kommunestyret vert alle desse små åane samla til ei sterk flod som kan påverke samfunna i nordvest, men og vere ein aktør nasjonalt.

Dette er politiske vegval som kommunestyret må ta, og forventningane til staten til kva ein kommune skal vere må vektleggast sterkt. Kommunesamanslåingsalternativet Haram og Sandøy vurderast av rådmannen til ikkje å stette alle krav Stortinget har gjeve signal om. Mellom anna er folketallet lavare enn dei 15 000 innbyggjarane som ein sette som måltal for ein robust kommune i

ekspertutvalet. For å sikre eit godt nok barnevern på eigen kjøp ble det her sagt at ein kommune burde vere 30 000 innbyggjarar med tanke på grunnlag for tilstrekkeleg stort fagmiljø, og tilsvarande for td legevakt 80 000 innbyggjarar.

Når overføringane til kommunane i framtida i større grad skal fordelast ut i frå kva som er samfunnsøkonomisk berekraftig vil dei som er «frivillige små» måtte ta kostnaden med denne velferda sjølv. Finansieringskjelder vil måtte vere td lokal eigedomsskatt eller andre lokale inntekter frå td kraft eller andre tilsvarande inntektskjelder. Eit perspektiv i dette å ha tilstrekkelege midlar til å betale for «ekstraordinær velferd». Kommunestyret må då og ta ansvar for at kommunen kan kome i den situasjon at den ikkje er i stand til å sikre innbyggjarane alle tenester som dei har krav på, men som ein av rekrutteringsomsyn, manglande fagmiljø, manglande rettstryggleik eller anna ikkje klarer å gje.

Retningsvalet i kommunereforma handlar mest om å klare å ta vare på dei du ikkje kjenner eller ikkje vil kjennast ved. Dei fleste av oss klarer oss godt med eit minimum av tenester frå kommunen. Mange har og andre nettverk som er ressursar å trekke vekslar på om livet går i mot av ymse grunnar. Det er enkelt å syte for dei du er glad i og dine næraste. Syretesten i eit samfunn er likevel korleis vi tar vare på våre mest sårbare. Valet handlar i høgaste grad om politikk. Skal vi klare å vere det samfunnet som syt for deltaking og mulegheiter uavhengig av kor du kjem frå eller kor du skal. Det samfunnet som tar ansvar for kvarandre. Eit samfunn der vi gjevast mulegheiter for å lykkast, men har solidaritet nok til å sjå at vi lever best med kvarandre når det ikkje er så stor avstand mellom oss. Der du yte etter evne og får etter behov. Der vi våger å omfordele fordi det skapar det beste samfunnet for oss alle.

Om det er dette samfunnet Sandøy kommune har ambisjonar om å fremje, må vi bli større. Ikkje for at storleik åleine gjer noko godt. Ingenting kjem av seg sjølv, verken til stor eller liten. Storleik handlar om å samle saman og bruke effektivt dei ressursane vi har. Vi må ha kapasitet til å grave opp meiningane også til dei som ikkje deltek på dei vanlege arenane, og syte for at den som ikkje evne å koble seg på dei ordinære tenestene får vere med. På seg sjølv kjenner ein ingen andre.

Framtida har ingen av oss opplevd før, og for å ta i bruk mulegheitane i framtida må vi og gjere ting annleis enn slik vi har gjort ting til no. For å gjere dette må vi ha ny kompetanse og kapasitet. Vi skal sikre det viktige arbeidet vi gjer for eksisterande brukarar av tenestene, førebygge for å redusere etterspurnaden der dette er best for einskild individ og samfunn, samt ha kraft til å utvikle dei nye tiltaka som gjer at vi fangar opp signala og dannar gode samfunn for dei som elles står i fare for å falle i frå.

Demokrati skapast av menneskjer i tillitsfull samhandling med kvarandre for å forbetre det samfunnet dei er del av etter fastsette reglar som samfunnet sjølv har sett gjennom fleirtalsvedtak over tid. Demokrati har to element. Representativt demokrati som omhandlar folkevalde organ, lokalpolitisk styring og val. Direkte demokrati omhandlar medverknad frå sivilsamfunn, handelsstand, organiserte interessa og mellomvaldeltaking.

Skal vi styrke lokaldemokratiet må vi agere med kunnskap og tilstrekkeleg kapasitet til å styrke kvar av desse elementa på ein slik måte at innbyggjarane oppfatter at deira lokalsamfunn spring ut «frå folket, av folket og for folket». I ytterste konsekvens er faren ved å mislykkast å redusere demokratiet og gje grobottn for at krefter i samfunnet kan sette velferda for alle i fare. Slike perspektiv vil ramme kommunen,

uavhengig om rolla er tenesteutøvar, samfunnsutviklar, myndeutøvar eller demokratiutviklar. Rådmannen vurderer regionkommunealternativet til best å ivareta interessane til dei vi ikkje kjenner eller vil kjennast ved, men likevel har ansvaret for.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Sandøy kommune vel intensjonsavtalen for Regionkommune Ålesund som det beste alternativ i kommunereformprosessen.
2. Sandøy kommunestyre ønskjer ikkje at noverande Sandøy kommune vert delt ved at ein eller fleire av øyane Ona, Orten eller Sandøya vert lagt til Aukra kommune.

### **20.06.2016 Formannskapet**

#### **Behandling:**

Rådmannen trekkjer framlegg til vedtak og erstattar det med eit nytt framlegg med bakgrunn i følgjande moment:

Det vert vist til sak om Val av kommunesamanslåingsalternativ, som ligg til behandling i formannskapet i dag 20.juni. Rådmannen si tilråding er basert på dei alternativ som låg føre då saka vart skriven. I etterkant har Sandøy kommune inngått intensjonsavtale i alternativet kalla "nye Ålesund kommune".

Med bakgrunn i dette trekkjer rådmannen forslag til vedtak slik det ligg føre og erstattar det med følgjande:

1. Sandøy kommune vel å bygge ei ny kommune basert på intensjonsavtalen Nye Ålesund kommune, datert 15. juni 2016. Den nye kommunen skal etablerast frå 1.1.2020.

Ved positive vedtak i alle fire kommunane som utgjer dette alternativet innan 1.7.2016 får ei fellesnemnd med tre representantar frå kvar av kommunane mandat til å tre saman frå hausten 2016.

Eit nærare mandat for fellesnemnda må leggjast fram for politisk vedtak i kvar av kommunestyra i løpet av hausten 2016.

2. Sekundært vel Sandøy intensjonsavtalen for Nye Haram kommune, signert 18. mars 2016.
3. Sandøy kommune ønskjer ikkje at noverande kommune delast opp, ved at øyane Ona, Orten og Sandøya delast frå og leggjast til Aukra kommune.

Framlegg sett fram av Jessica Gärtner (H):

Sandøy kommune har gjennomført Stortinget sitt krav om å utrede kommunereformen, i form av fagleg utredning, lokale og regionale prosessar med andre kommunar, folkemøter, møter i ungdommens kommunestyre, innbyggjarundersøkingar og møter i formannskapet, kommunestyret, Eldres Råd og RLF.

1. Med bakgrunn i det uavklarte tidspunktet for oppstart og ferdigstilling av Nordøyvegen og basert på at den nylig inngåtte intensjonsavtalen «Nye Ålesund kommune» ikkje var del av innbyggjarundersøkinga i Sandøy kommune og ikkje har vore behandla politisk i formannskap eller kommunestyre, vedtar kommunestyret å søkje Fylkesmannen om utsetjing av vedtak i saka om kommunereformen inntil Nordøyvegen er endelig behandla både i Fylkestinget og på Stortinget.
2. Ferdigstilling av Nordøyvegen vil medføre ei forbetring av kommunikasjonsmulegheitene for kommunen sine innbyggjarar, som vil opne mulegheita til å sjå på nye kommunekonstellasjonar. Dei mest aktuelle konstellasjonene etter at Nordøyvegen er ferdigstilt er:
  - a. Noverande Sandøy kommune som ein del av ei ny og større kommune på Sunnmøre som skissert i intensjonsavtalene 18.3.2016 og 15.06.2016, der intensjonsavtalen inngått 18.3.2016 er den løysinga ein ønsker først.
  - b. Noverande Sandøy kommune som ein del av ei ny kommune som vert danna av Sandøy og Haram kommune, ref. intensjonsavtale mellom begge kommuner inngått 18.03.2016.

Framlegget til Jessica Gärtner vart sett opp mot framlegget til rådmannen.

Framlegget til rådmannen vart vedtatt med 4 mot 1 røyst.

#### **F-2016/79 Vedtak:**

Formannskapet tilrår med 4 mot 1 røyst:

1. Sandøy kommune vel å bygge ei ny kommune basert på intensjonsavtalen Nye Ålesund kommune, datert 15. juni 2016. Den nye kommunen skal etablerast frå 1.1.2020.

Ved positive vedtak i alle fire kommunane som utgjør dette alternativet innan 1.7.2016 får ei fellesnemnd med tre representantar frå kvar av kommunane mandat til å tre saman frå hausten 2016.

Eit nærare mandat for fellesnemnda må leggjast fram for politisk vedtak i kvar av kommunestyra i løpet av hausten 2016.

2. Sekundært vel Sandøy intensjonsavtalen for Nye Haram kommune, signert 18. mars 2016.
3. Sandøy kommune ønskjer ikkje at noverande kommune delast opp, ved at øyane Ona, Orten og Sandøya delast frå og leggjast til Aukra kommune.

**27.06.2016 Kommunestyret**

**Behandling:**

Ordfører la fram Eldres råd, RLF og UKS sine tilrådingar i saka.

Nils Magne Abelseth (H) ønska gruppemøte.

Det vart gruppemøte.

Framlegg sett fram av Sigmund Haugen (AP)

Som tilrådinga frå formannskapet, men med eit 3 avsnitt i punkt 1:

1. Sandøy kommune vel å bygge på ei ny kommune basert på intensjonsavtalen Nye Ålesund kommune, datert 15. juni 2016.  
Den nye kommunen skal etablerast frå 1.1.2020.

Ved positive vedtak i alle fire kommunane som utgjer dette alternativet innan 1.7.2016 får ei fellesnemnd med tre – fem representantar frå kvar av kommunane mandat til å tre saman frå hausten 2016.

*Intensjonsavtalen skal sendast ut til alle husstandar i Sandøy kommune.*

*Ein ber om at innbyggjarane gjer seg kjent med avtalen, og at den som føler for det sender inn sine kommentarar til Sandøy kommune. Fellesnemnda skal ta med seg kommentarane i dei vidare samtalene der den nye kommunen skal byggjast.*

Eit nærare mandat for fellesnemnda må leggjast fram for politisk vedtak i kvar av kommunane i løpet av hausten 2016.

2. Sekundært vel Sandøy kommune intensjonsavtalen Nye Haram kommune, signert 18. mars 2016.
3. Sandøy kommune vil ikkje at noverande kommune delast opp, ved at øyane Ona/Husøy, Orten og Sandøya delast frå og leggjast til Aukra kommune.

Framlegg sett fram av Robert Coates (V)

Endre setninga under punkt 1 andre avsnitt: "Ved positive vedtak i alle fire kommunane" til "Ved positive vedtak i fleire kommunar".

Røysting:

Det vart røysta punktvis over framlegga sett fram i møtet:

Punkt 1:

Framlegget til Sigmund Haugen (AP) vart sett opp i mot framlegget til Robert Coates (V). Samrøystes som framlegget sett fram av Robert Coates (V):

1. Sandøy kommune vel å bygge på ei ny kommune basert på intensjonsavtalen Nye Ålesund kommune, datert 15. juni 2016.  
Den nye kommunen skal etablerast frå 1.1.2020.

*Ved positive vedtak i fleire kommunar som utgjer dette alternativet innan 1.7.2016 får ei fellesnemnd med tre - fem*

representantar frå kvar av kommunane mandat til å tre saman frå hausten 2016.

Intensjonsavtalen skal sendast ut til alle husstandar i Sandøy kommune.

Ein ber om at innbyggjarane gjer seg kjent med avtalen, og at den som føler for det sender inn sine kommentarar til Sandøy kommune. Fellesnemnda skal ta med seg kommentarane i dei vidare samtaleane der den nye kommunen skal byggjast.

Eit nærare mandat for fellesnemnda må leggjast fram for politisk vedtak i kvar av kommunane i løpet av hausten 2016.

Punkt 2 sett fram i møtet av Sigmund Haugen (AP) vart vedtatt med 17 mot 2 røyster:

2. Sekundært vel Sandøy kommune intensjonsavtalen Nye Haram kommune, signert 18. mars 2016.

Punkt 3 sett fram i møtet av Sigmund Haugen (AP) vart vedtatt med 16 mot 3 røyster:

3. Sandøy kommune vil ikkje at noverande kommune delast opp, ved at øyane Ona/Husøy, Orten og Sandøya delast frå og leggjast til Aukra kommune.

Sandøy Høgre ønska protokollført følgjande:

"Sandøy Høgre rettar kritikk mot saksutgreiinga. Utgreiinga inneheld inga vurdering av økonomiske konsekvenser, noko som er ei føresetnad for å kunne ta ei informert beslutning. Sandøy Høgre ønska difor ei utsetjing av saka i utgangspunktet, men ser at det ikkje ville endre realitet i saka."

Røysting over dei 3 punkta samla vart samrøystes vedtatt.

#### **K-2016/69 Vedtak:**

Samrøystes vedtak:

1. Sandøy kommune vel å bygge på ei ny kommune basert på intensjonsavtalen Nye Ålesund kommune, datert 15. juni 2016. Den nye kommunen skal etablerast frå 1.1.2020.

Ved positive vedtak i fleire kommunar som utgjer dette alternativet innan 1.7.2016 får ei fellesnemnd med tre - fem representantar frå kvar av kommunane mandat til å tre saman frå hausten 2016.

Intensjonsavtalen skal sendast ut til alle husstandar i Sandøy kommune.

Ein ber om at innbyggjarane gjer seg kjent med avtalen, og at den som føler for det sender inn sine kommentarar til Sandøy kommune. Fellesnemnda skal ta med seg kommentarane i dei vidare samtaleane der den nye kommunen skal byggjast.

Eit nærare mandat for fellesnemnda må leggjast fram for politisk vedtak i kvar av kommunane i løpet av hausten 2016.



2. Sekundært vel Sandøy kommune intensjonsavtalen Nye Haram kommune, signert 18. mars 2016.
3. Sandøy kommune vil ikkje at noverande kommune delast opp, ved at øyane Ona/Husøy, Orten og Sandøya delast frå og leggjast til Aukra kommune.

Ann-Heidi P. Orvik  
rådmann